FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
senioringeniør Guro Eidskrem Gjenstad, 71 25 84 29

Vår dato
23.04.2018
Dykkar dato
22.09.2017

Vår ref.
2017/5574/GUGJ/471
Dykkar ref.

Stranda Anleggsservice AS
Ødegårdsvegen 127
6200 STRANDA

Vedtak om løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong

---

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong i Strandadalen i Stranda. Mottak av returasfalt skal meldast til Kontrollordningen For Asfaltgjenvinning.

Det er vedtatt eit gebyr for saksbehandlinga.

Vi viser til søknad av 20.09.17. Det er søkt om å få mellomlagre brukt asfalt og betong på eit område i Strandadalen. Området ligge på gnr. 53 bnr. 54 i Stranda kommune. Årleg mottak vil vere inntil 10 000 tonn returasfalt og 10 000 tonn returbetong. Med heimel i forureiningslova § 11 jf. § 29 gir Fylkesmannen løyve på vilkår til mottak, mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong. Vilkåra er sett med heimel i forureiningslova § 16.

Bakgrunn og saksgang
Søknaden blei kunngjort på Fylkesmannen sine nettsider og i Sunnmørsposten 06.12.17 og låg til offentleg høyring i perioden fram til 10.01.18. Stranda kommune, grunneigarar og dei næraste naboane har fått varsel i eige brev. Det kom uttaler frå fleire av naboane og frå kommunen. Stranda Anleggsservice AS fekk oversendt uttalene og sendte 01.02.18 sin kommentar til desse.

Stranda kommune opplyser at søknaden er i tråd med gjeldande reguleringsplan, og at verksemda no brukar området til mellomlagring av reine massar. Området skal kunne byggast ut til industrifelt. Kommunen påpeiker at det ligg eit bustadhus i området som er avsett til industri, og at det må takast omsyn til eventuell avrenning til Storelva.

Naboane Eli Norum Halsen, Terje Myklebust og Per Magne Myklebust skriv at det tidlegare har vore støv- og støyplager knytt til bruk av eit knuseverk i området og meiner knusing av store mengder asfalt og betong slik det er søkt om, vil kunne føre til stor luftforureining og verdiforringing av bustadene i nærområdet.

Sharina Liudmila Grebstad og Lars Ottar Grebstad bur 200 m frå anlegget og meiner at det ikkje er forsvarleg med knusing av store mengder asfalt og betong nær bustadfelt og barnehage. Dei er uroa over mengder med støv og støy frå trafikk og knusing.

Stranda Anleggsservice AS kommenterer at mengdene på 10 000 tonn asfalt og 10 000 tonn betong er store. Verksemda har søkt om store mengder for å kunne ta imot dette frå eventuelle store prosjekt og at det er lite sannsynleg at det vil bli aktuelt med store mengder. Knusing av returasfalt gir lite støv, og slikt arbeid vil utført i maksimalt 2 veker årleg. Knusing av betong kan gi mykje støv, men sannsynleg mengde betong er lita.

Fylkesmannen sine vurderingar

Det kan ventast svært små utslepp frå lagring og handtering av returasfalt. Moglege utslepp til vatn frå lagra returasfalt vil vere polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH) som finst i bindemiddelet i asfalt. Gammal asfalt kan også innehalde steinkulltjære med eit svært høgt innhald av PAH. Det er i løyvet sett krav til at det ikkje skal lagrast asfalt med tjære. PAH er ikkje løyseleg i vatn, og studiar har vist at det er svært låge nivå av PAH i avrenning frå returasfalt så lenge denne ikkje inneheld tjære.

Frå lagringa av returbetong kan det komme noko avrenning i form av partiklar. Det er i løyvet sett krav til at det berre kan takast imot rein returbetong. Det skal derfor ikkje vere forureina massar på området, og det skal ikkje vere noko direkteutslepp til vatn.

Resipienten for eventuell avrenning til vatn, er Storelva. Fylkesmannen har vurdert om krava i *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vannforskrifta) er til hinder for å gi løyve etter forureiningslova. I databasen Vann-nett som blir brukt i vassforvaltning, er Storelva kalla Strandaelva. Den økologiske tilstanden i førekomsten er klassifisert som antatt dårleg basert på eit kategorisystem for anadrom fisk. På grunnlag av innsamla fangststatistikk er vi likevel kjende med at det er relativt stabil produksjon og hausting av laks i elva. Det er fleire laksetrapper i vassdraget som gir laks og sjøaure høve til å vandre nesten 15 km opp frå sjøen i denne elva. Det er difor svært viktig å unngå at partiklar eller skadelege stoff blir spreidd på ein slik måte at dei kan nå elva. Vi ventar ikkje akutte effektar av nokon av dei komponentane som det er potensiale for utslepp av, men det er kjent at finpartiklar frå knusing av sement fører til fiskedød i elvar om konsentrasjonen der blir høg nok.

Det finst ingen informasjon om den kjemiske tilstanden i Storelva, og denne er derfor ukjent. Det er oppført at nye tiltak er nødvendige for å nå god miljøtilstand. Lagerstad for returasfalt og -betong ligg over 130 m i luftlinje frå elva, og det ligg over 90 høgdemeter over elva. I området er det ingen bekkar som leier vatn frå anlegget til elva. Tillatne årlege mengder returasfalt og -betong er stor, men verksemda meiner at faktiske mengder vil vere vesentleg mindre. Med dei vilkåra som er sett i løyvet, meiner Fylkesmannen det er lite sannsynleg at avrenning frå lageret vil kunne ha ein negativ påverknad på livet i elva.

Vi kan ikkje sjå at verksemda det blir gitt løyve til, vil gi påverknad på andre delar av naturmangfaldet i området. Vi vurderer det slik at ei vidare vurdering etter *Lov om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfoldloven) derfor ikkje er nødvendig i denne saka.

I løyvet er det tatt inn relevante krav frå kapittel 30 i forureiningsforksrifta. Dette forskriftskapittelet gjeld produksjon av pukk, grus, sand og singel. Dei krava som er tatt inn i løyvet, gjeld utslepp av støv, støvdempande tiltak og måling og berekning av utslepp. Målingane gjeld støvnedfall, og berekningane gjeld støy.

Anlegget ligg nær Trollhaugen barnehage og fleire bustader. Desse kan bli utsette for støy og støv frå verksemda. Vilkåra i løyvet må settast på grunnlag av rammene på inntil 10 000 tonn returasfalt og 10 000 tonn returbetong som kan vere innom anlegget i løpet av eit år. Det er sett krav til støy i løyvet. Barna i barnehagen skal kunne vere ute og ha eit forsvarleg utemiljø også når det skjer knusing av dei aktuelle materiala.

Verksemda må gjennomføre ei støyvurdering før den begynner med knusing. Vurderinga må avklare om tilhøva vil vere slik at støyskjerming er nødvendig for å halde krava. I så fall skal skjerming på plass før knusing tek til.

Det er sett krav til at målingar av støv skal gjerast både ved barnehagen og ved mest utsette nabo. Av omsyn til tilhøva i barnehagen, er det tatt inn eit krav om at det alltid skal nyttast støvdempande tiltak når verksemda knuser returbetong. Knusing vil kunne skje i periodar. Verksemda må varsle barnehagen seinast eit døgn før knusing tek til.

Andre forhold
På bakgrunn av det som er nemnt over, er verksemda plassert i risikoklasse 4 (lågaste risikoklasse). Risikoklassen har betydning for kor ofte forureiningsmyndigheita planlegg å gjennomføre tilsyn ved verksemda.

Mottaket skal vere knytt til Kontrollordningen For Asfaltgjenvinning.

Miljødirektoratet har laga eit faktaark om disponering av betong- og teglavfall. Der finn ein informasjon om kva for kriterium som må vere oppfylt for å kunne bruke denne typen avfall på nytt på ein forsvarleg måte. Faktaarket er vedlagt.

Vedtak om gebyr
Fylkesmannen si behandling av søknader om løyve er omfatta av ei gebyrordning. Som varsla i brev av 06.10.17, skal bedrifta betale eit gebyr på kr 19 700 for behandlinga av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Miljødirektoratet vil ettersende faktura med innbetalingsblankett. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Høve til å klage
Vedtaket om å gi løyve og vedtaket om gebyr kan klagast inn for Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå underretning om vedtaket er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ein eventuell klage skal angi kva det blir klaga over og den eller dei endringane ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar av betydning for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Ein eventuell klage over løyvet fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere

at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på. Ein eventuell klage over gebyrsats blir ikkje gitt oppsetjande verknad, og det fastsette gebyret må derfor betalast i samsvar med det som er nemnt over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette får ein ved å kontakte Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fleire opplysningar om saksbehandlingsreglar og andre reglar av betydning for saka vil Fylkesmannen også kunne gi.

Offentleggjering av løyvet
Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i forskrift om begrensning av forurensning. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar sin kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gitt. Bedrifta kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Fylkesmannen sin logo skal ikkje nyttast.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til kommunen, KFA, grunneigarar og naboar. Løyvet vil bli lagt ut på nettsidene til Fylkesmannen i Møre og Romsdal www.fylkesmannen.no/mr.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
assisterande miljøverndirektør

Guro Eidskrem Gjenstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:
Løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong
Faktaark om disponering av betong- og teglavfall

Kopi:

Liudmila Shanina og Lars Ottar Grebstad	Dalevegen 180	6200	STRANDA
Nancy Kirsten Langelo	Dalevegen 161	6200	STRANDA
Emte Åslaug Engeset	Neslia 5 B	1344	HASLUM
Per Magne Myklebust	Fureåsen 21	6017	ÅLESUND
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Guido Sandberg	Dalevegen 156	6200	STRANDA
Eli Norun Halsen	Røysbakken 9	6100	VOLDA
Marie Røyr	Brahusvegen 2 D	2816	GJØVIK
Terje Myklebust	Dalevegen 183	6200	STRANDA
Kontrollordningen For Asfaltgjenvinning	Postboks 247	1323	HØVIK

FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong for Stranda Anleggsservice AS ved Dalevegen i Stranda kommune

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.3.1981 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 11 jf. § 29. Det er sett vilkår etter forureiningslova § 16.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom bedrifta ønskjer endringar i drifta som kan ha betydning for miljøet, må dette avklarast skriftleg med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Data om bedrifta:

Bedrift	**Stranda Anleggsserivce AS**
Anlegget si plassering/gateadresse	Dalevegen i Strandadalen
Bedrifta si postadresse	Ødegårdsvegen 127, 6200 Stranda
Kommune for anlegget	Stranda
Organisasjonsnummer (bedrift)	979347235
Euref 89, UTM sone 32	nord: 6909050 aust: 391332
Gards- og bruksnummer	Gnr. 53 bnr. 54
NACE-kode og bransje	43.120 Grunnarbeid
NOSE-kode(r)	109 Behandling og disponering av avfall

Saksnummer	Anleggsnummer	Løyvenummer	Risikoklasse[1]
2017/5574	1525.0071.01	2018.0338.T	4

Løyve gitt: 23.04.2018	Endringsnummer: -	Sist endra: -

Ulf Lucasen
assisterande miljøverndirektør

Guro Eidskrem Gjenstad
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

[1] Risikoklassen har betydning for forureiningsmyndigheita sin frekvens for planlagte tilsyn med verksemda.

1 Rammer for løyvet

Løyvet gjelder mottak, mellomlagring og knusing [ev. mottak og mellomlagring] av returasfalt og returbetong. Løyvet omfattar eit årleg mottak på inntil:

- **10 000 tonn returasfalt**
- **10 000 tonn returbetong**

Returasfalten og returbetongen kan lagrast i **inntil 1 år**.

Løyet omfattar berre rein asfalt og betong. Forureina asfalt og forureina betong skal avvisast frå anlegget. Unntaket er armeringsjern i betong. Det er ikkje tillate å ta imot og mellomlagre andre avfallstypar enn dei som er nemnde over.

Verksemda skal vere knytt til Kontrollordningen For Asfaltgjenvinning.

1.1 Krav til mottaket

Det skal vere ein driftsplan med driftsinstruks for anlegget.

All returasfalt og returbetong som blir tatt imot, skal kontrollerast og loggførast med informasjon om opphav.

For å sikre at det i vidare produksjon berre blir nytta riene asfaltprodukt som er fri for tjæreprodukt, skal det angjevast kvar returasfalten kjem frå. Mellomlagring av tjærehaldig asfalt på området er ikkje tillate. Dersom det oppstår mistanke om at mottatt asfalt likevel kan innehalde tjære, skal asfalten oppbevarast separat på fast dekke under tak inntil prøvetaking er gjennomført og vidare disponering er avklart. Asfalt som er eldre en 1970 og inneheld penetrert pukk, impregnert grus eller anna overflatebehandling, skal testast for innhald av tjære.

Det må kontrollerast at betongen som blir mottatt, er rein. Det vil seie at den ikkje skal innehalde maling eller fugemasse, og at betong og eventuell murpuss ikkje skal innehalde forureiningar. Dokumentasjon frå avfallsprodusenten på at betongen ikkje inneheld forureiningar, må ligge føre før massane blir slopne inn på anlegget. Armering skal fjernast før vidarelevering.

1.2 Kunnskap om avfall

Bedrifta skal ha tilstrekkeleg kunnskap om avfallet til å kunne behandle og lagre mottatt avfall, slik at det ikkje fører til at miljøet blir dårlegare.

1.3 Informasjon til kundar

Verksemda skal gi kundane forsvarleg informasjon med omsyn til kva typar avfall som det er tillate å levere til anlegget.

2 Avfall

Bedrifta skal i størst mogleg grad minimere danning av avfall som følgje av si verksemd.

Forureiningsmyndigheitene anbefaler generelt at brukt asfalt blir brukt i produksjon av ny asfalt. Returasfalt kan også nyttiggjerast som erstatning for rein asfalt som underlag for ny asfalt. Betongavfall må disponerast i tråd med Miljødirektoratet sitt faktaark M-14/2013 inntil ei sentral forskrift blir vedtatt.

3 Internkontroll

Bedrifta har plikt til å ha eit internkontrollsystem som er oppdatert til ei kvar tid.

4 Støv

Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak for å redusere støvutslepp frå all støvande aktivitet slik som knusing, sikting, transport og lagring.

Prosessutstyr skal enten vere innebygd med ein varig tett konstruksjon med avsug og effektivt støvfiltrering, eller det skal nyttast eit automatisk anlegg for påsprøyting av vatn med hensiktsmessig plasserte dyser berekna til bruk ned til -10 °C ved knusing, sikting og transport.

Opne lager av materiale som kan gi støv, trafikkareal og ev. støvdeponi skal fuktast med vatn for å hindre støvflukt.

Vatnet kan ved behov tilsettast overflateaktivt stoff for å hindre støvflukt. Verksemda skal kunne dokumentere at eventuell bruk av overflateaktivt stoff er risikovurdert med tanke på miljøskade.

Utslepp av støv/partiklar frå totalaktivitetar frå verksemda skal ikkje føre til at mengda nedfallsstøv overstig 5 g/m² i løpet av 30 dagar. Dette gjeld mineralsk del målt ved nærliggande barnehage og næraste nabo, eller annan nabo som eventuelt blir meir utsett.

Støvnedfallsmålingar skal gjennomførast målt i 30-dagars intervall. Måleperioden skal vare minst eit år og skal ikkje avsluttast før målingane dokumenterer at kravet i førre avsnitt blir halde. Nedfallsmålingane skal planleggast og utførast av ein uavhengig konsulent.

5 Utslepp til vatn

Dersom det blir så store mengder prosessvatn at noko av dette kan nå Storelva, må vatnet reinsast for eksempel ved hjelp av eit sedimentasjonsbasseng før det kan sleppast ut av anlegget.

6 Støy

Bedrifta sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	**Kveld (kl. 19-23)** $L_{pAekv4h}$	**Laurdag (kl. 07-23)** $L_{pAekv16h}$	**Søn-/heilagdagar (kl. 07-23)** $L_{pAekv16h}$	**Natt (kl. 23-07)** $L_{pAekv8h}$	**Natt (kl. 23-07)** L_{AFmax}
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vegd gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T viser midlingstida i timar.
L_{AFmax}, som er gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrenser skal overhaldast for alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå bedrifta si ordinære verksemd, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

7 Knusing

Før knusing tek til, skal verksemda gjennomføre representative berekningar av støy i omgivnaden. Dersom resultata viser at grensene i punkt 5 kan bli overskridne, må verksemda gjennomføre støydempande tiltak slik at nivåa kjem under dei tillatne grensene. Desse tiltaka må vere på plass før knusing kan skje.

Trollhaugen barnehage skal varslast seinast eit døgn før knusing tek til.

8 Rapporteringar og risikoklasse

8.1 Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 4.

8.2 Årleg rapportering

Bedrifta skal rapportere oppsummering av returmengder asfalt og betong inn og ut av anlegget, omfang og handtering av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet. Denne årsrapporten skal sendast til Fylkesmannen innan 1. mars året etter rapporteringsåret. Skjema for rapporteringa finst på www.fylkesmannen.no under Møre og Romsdal, fram til det blir gjort tilgjengeleg i AltInn.

8.3 Journalføring

Det skal førast **dagleg oversikt (loggbok)** over kva for mengder som blir mottatt og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje **på vekt**. Av loggboka skal det gå fram mengder og leveringsstader/bruksformål.

Det skal også førast journal over målingar av støvnedfall og datoar for gjennomført varsling av barnehagen.

Resultat av støyberekning og dokumentasjon på eventuelle gjennomførte støydempande tiltak må oppbevarast slik at dei kan visast fram for forureiningsmyndigheita ved tilsyn.

9 Forsikring

Bedrifta skal sørge for å ha tilstrekkeleg forsikring for det erstatningsansvaret den måtte pådra seg i si avfallsverksemd. Forsikringa må blant anna omfatte skade på person(ar), utstyr samt utgifter til opprydding, sanering og godkjent disponering. Forsikringa skal også dekke kostnader for utgifter knytt til eventuelt opphøyr av eige føretak.

10 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for en lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gjevast melding til Fylkesmannen.

Ved nedlegging eller stans skal mottaket sørge for at lagra returasfalt blir tatt hand om på ein forsvarleg måte (jf. avfallsforskrifta). De tiltaka som blir trefte i denne samanhengen, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal innehalde dokumentasjon på disponering av restar av avfall og namn på dei verksemdene som har overtatt avfallet.

Dersom det er ønskje om å starte verksemda på nytt, skal det gjevast melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

11 Inspeksjonar

Bedrifta pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita, eller dei disse gir mynde, inspisere anlegga til ei kvar tid.

MILJØ-
DIREKTORATET

FAKTAARK
M-14|2013

Foto: Jon Fonnlid Larsen, Miljødirektoratet

Disponering av betong- og teglavfall

Et spørsmål som oppstår i mange rive- og rehabiliteringsprosjekter er om betong- og teglavfall kan brukes til nyttig formål eller om det skal leveres til godkjent deponi. Miljødirektoratet har utarbeidet et forslag til forskriftsbestemmelser som skal blant annet regulere adgangen til å bruke betong- og teglavfall til anleggsarbeider. I påvente av ferdigstillelse av forskriftsarbeidet vil Miljødirektoratet i dette dokumentet forsøke å svare på noen ofte stilte spørsmål om hva som kan være lovlig og miljømessig forsvarlig bruk av betongavfall. Faktaarket er utarbeidet i tråd med vårt forskriftsforslag, og endringer kan dermed forekomme etter høringsrunden av forslaget.

Oppdatert februar 2017

Forurensningsloven

Det følger av forurensningsloven § 32 første ledd at næringsavfall i utgangspunktet skal bringes til lovlig avfallsanlegg. Bestemmelsen åpner imidlertid også for at avfall kan *"gjenvinnes eller brukes på annen måte"*. Med alternativet *"brukes på annen måte"* menes bruk der avfallet tjener et nyttig formål ved å erstatte anvendelsen av andre materialer som ellers ville blitt benyttet. Dette innebærer at betongavfall kan erstatte pukk e.l. i forbindelse med bygge- og anleggstiltak som skal gjennomføres uansett, dette kan bl.a. være etablering av veier, parkeringsplasser, støyvoller, rehabilitering av terreng etter gravearbeider. Betongmassene må være egnet for formålet, og mengden betongmasser som benyttes må stå i forhold til behovet for masser.

Den som vil nyttiggjøre betongavfall må sørge for at bruken ikke er i strid med forurensningsforbudet, jf. forurensningsloven § 7. Utgangspunktet i forurensningsloven er at det er forbudt å ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning, jf. forurensingsloven § 7 første ledd. Den som vil gjennomføre et tiltak som kan medføre fare for forurensning, må derfor normalt søke om tillatelse etter forurensningsloven § 11. Tiltak som ikke medfører nevneverdige skader eller ulemper, kan likevel finne sted uten tillatelse etter § 11, jf. forurensningsloven § 8 tredje ledd. Formuleringen *"ikke (…) nevneverdige"* angir en lav terskel for hva som er tillatt forurensning.

Dersom betong- eller teglavfall er forurenset med tungmetaller, PCB eller andre helse- eller miljøskadelige stoffer og brukes som erstatning for andre masser, vil det kunne føre til at mennesker eller organismer kan komme i kontakt med skadelige stoffer. Skadelige stoffer vil også kunne vaskes ut fra massene og forurense grunnvann, overflatevann, grunn og sedimenter. Bruk av avfallet vil i tillegg kunne innebære en risiko for ukontrollert spredning av forurensning ved senere graving og forflytning av massene.

Forurensningene avhenger blant annet av hvilke helse- og miljøfarlige stoffer som finnes i betong - eller teglavfallet, i hvilke konsentrasjonsnivåer, hvilken risiko det er for at stoffene lekker ut (noe som bl.a. avhenger hvor og hvordan betongen skal brukes) og lokale resipientforhold.

OFTE STILTE SPØRSMÅL

1. Hvilken dokumentasjon må foreligge for å bruke betong- eller teglavfall?

Med mindre det er åpenbart unødvendig, skal den som bruker betong- eller teglavfall til anleggsarbeider kunne dokumentere at avfallet kommer fra byggverk der forekomsten av helse- og miljøfarlige stoffer som nevnt i Tabell 1 ble kartlagt med et tilstrekkelig antall prøver av en kvalifisert person før byggverket ble revet og kunne fremvise en beskrivelse av kartleggingen som minst inneholder:

- entydig angivelse av eiendommen(-e) hvor betong- eller teglavfallet har oppstått og grunneiers navn
- hvem kartleggingen er utført av
- dato for kartleggingen
- byggeår hvis det er kjent
- beskrivelse av prøvetaking av malingslag, fuger, avrettingsmasser, murpuss og det ytterste betong- eller teglaget
- beskrivelse av prøvetaking av den øvrige betongen
- resultater fra analyser av representative materialprøver

2. Hvilke grenseverdier skal benyttes i vurderingen om bruk av betong- og teglavfall til anleggsarbeider er lovlig uten tillatelse fra forurensningsmyndigheten?

Grenseverdiene for tilstandsklasse 1 (som svarer til normverdiene i forurensningsforskriften kap. 2 vedlegg 1) kan være et godt utgangspunkt for å vurdere om massene har et forurensningspotensial. Dette fordi grenseverdiene i tilstandsklasse 1 er laget for å ivareta hensyn til både helseeffekter og skader på økosystemer. Normverdiene for enkelte helse- og miljøfarlige stoffer er angitt i Tabell 1.

Tabell 1. Grenseverdier i betong- og teglavfall (forenklet tabell over grenseverdiene for forurenset grunn).

Stoff	**Konsentrasjonsgrense (mg/kg)**
Metaller:	
Arsen	8
Bly (uorganisk)	60
Kadmium	1,5
Kvikksølv	1
Kobber	100
Sink	200
Krom (III)	50 (tot)
Krom (VI)	2
Nikkel	60
PCB:	
▫7PCB	0,01
PAH-forbindelser:	
▫16 PAH	2
Benso(a)pyren	0,1
Alifatiske hydrokarboner:	
Alifater C5-C6	7
Alifater >C6-C8	7
Alifater >C8-C10	10
Alifater >C10-C12	50
Alifater >C12-C35	100

Husk at de øvrige tilstandsklassene (TA-2553/ 2009) er kun satt ut fra hensynet til menneskers helse og kan ikke brukes for å vurdere om det å tilføre forurensede masser til et område vil medføre "nevneverdige skader eller ulemper"!

3. Hvilke grenseverdier skal benyttes i vurderingen av analyseprøver fra maling, fuger, avrettingsmasser og murpuss?

I vårt forslag til forskrift foreslår vi at betong- og teglavfall kan fremdeles nyttiggjøres uten tillatelse dersom maling, fuger, avrettingsmasser eller murpuss (ikke selve betongen eller teglet!) inneholder konsentrasjoner av PCB, kadmium bly og/ eller kvikksølv opp til grenseverdiene i Tabell 2.

Det knyttes noen ekstra vilkår til gjenbruk i disse tilfeller:

- Avfallet tildekkes med et toppdekke. Med mindre det benyttes fast dekke, herunder asfalt og betong, skal toppdekket utgjøre minst 0,5 meter.
- Avfallet brukes ikke i sjø, myrområder eller andre områder der betongens eller teglets pH og kjemiske stabilitet vil påvirkes betydelig.
- Avfallet legges minst en meter over høyeste grunnvannstand.

For øvrige stoffer mener vi at det holder med å avklare konsentrasjonene i selve betong- og teglavfallet, med representativ prøvetaking som viser at verdiene i Tabell 1 overholdes. Vi vet at mange stoffer i Tabell 1 kan forekomme i høye konsentrasjoner i maling, men vi mener at det er liten risiko for at gjennomsnittsverdiene av disse stoffene overskrides for betong- og teglavfallet i sin helhet, samt at de ikke utgjør en alvorlig risiko for helse og miljø.

Tabell 2. Grenseverdier i maling, fuger, avrettingsmasser og murpuss (tabellen kan IKKE brukes på betong eller tegl!)

	PCB (Σ7)	Kadmium (Cd)	Bly (Pb)	Kvikksølv (Hg)
Konsentrasjon (mg/kg)	1	40	1 500	40

4. Er det nødvendig å analysere betongprøven for både krom total og seksverdig krom?

Stort sett er selve betongen ren, men vi ser at innhold av høye konsentrasjoner av krom kan forekomme. Vi vet om tilfeller der krom(VI) har overskredet normverdien opptil 15 ganger. Det kan derfor være viktig å prøveta for både krom total og seksverdig krom.

5. Finnes det grenseverdier for klorparafiner?

Miljødirektoratet har ikke vurdert klorparafiner i betongavfall, men ser at det kan forekomme i høye konsentrasjoner, og det må vurderes av miljøkonsulent i hvert tilfelle.

6. Kan betong- og teglavfall som inneholder plast eller sprøytebetong nyttiggjøres?

Den type avfall kan ikke nyttiggjøres uten tillatelse fra forurensningsmyndigheten.

7. Kan betong- og teglavfall brukes til gjenfyllingsformål i naturområder og sjøen?

Nei, ikke uten å søke om tillatelse.

8. Hvem er ansvarlig for betong- og teglavfall etter at det er nyttiggjort?

Når avfallsprodusenter leverer avfall til aktører som ønsker å nyttiggjøre avfallet uten å være lovlige avfallsanlegg, har de et selvstendig ansvar for å påse at avfallet ikke disponeres på en måte som bryter med krav gitt i eller i medhold av forurensningsloven. Når avfallsprodusenter leverer avfall til et lovlig avfallsanlegg, for eksempel et deponi med tillatelse etter forurensningsloven, skjer dette derimot med befriende virkning.

Søknader om tillatelse etter forurensningsloven

9. Hvem skal søknad om tillatelse etter forurensningsloven sendes til?

Miljødirektoratet er forurensningsmyndighet når det søkes om tillatelse til å nyttiggjøre betong- og teglavfall. Fylkesmannen er myndighet dersom det søkes om tillatelse til å nyttiggjøre avfall på bedriftsområdet til virksomheter som Fylkesmannen er konsesjonsmyndighet for eller å bruke betongavfall til utfylling i sjø og vassdrag. Med utfylling menes tiltak der masser legges på sjøbunnen for å vinne land.

10. Hvem er myndighet når en ønsker å bruke betongavfall som del av bakkeplanering?

Kommunen har Myndighet til å gi tillatelse til bakmkeplanering, som f.eks å gjøre areal bedre egnet til maskinell drift.

11. Hva må søknaden inneholde?

Forurensningsforskriften § 36-2 omtaler hva søknad om tillatelse i medhold av forurensningsloven § 11 skal inneholde der det er relevant. Forurensningsmyndigheten kan gi utfyllende bestemmelser om søknadens form og innhold, og dersom det er nødvendig for behandlingen av saken, kreve ytterligere opplysninger enn det som står i forskriften. Søknader om annen bruk av betongavfall må inneholde minimum denne informasjonen:

- søkerens navn og adresse
- entydig angivelse av den eller de eiendommer hvor betongen ønskes brukt og grunneiers navn
- redegjørelse for forholdet til eventuelle oversikts- og reguleringsplaner
- utfyllende beskrivelse av det planlagte tiltaket, beskrivelse av hvordan massene skal nyttiggjøres, redegjørelse for lokale resipientforhold i området der tiltaket er tenkt gjennomført (inkludert om det i området foreligger særlige interesser knyttet til bruk av grunnvann, selve området eller nærhet til sårbar vannresipient)
- resultater fra miljøkartlegging
- beskrivelse av alle utslipp til luft, vann og grunn som tiltaket kan forårsake og hvilken virkning disse kan få
- oversikt over interesser som antas å bli berørt av tiltaket, herunder en oversikt over hvem som bør varsles, jf. § 36-5 og § 36-6
- beskrivelse av forholdsregler som kan forebygge eller begrense forurensning og skadevirkningene av denne
- henvisning til vedtak eller uttalelser fra offentlige organer som saken har vært forelagt
- redegjørelse for behovet for tiltaket og hvilke type masser betongen skal erstatte (hvilken type materiale ville ellers blitt benyttet)

12. Hvor lang er saksbehandlingstiden?

Det må påregnes saksbehandlingstid på ca. 2-4 måneder fra det tidspunkt alle nødvendige opplysninger i saken er mottatt.

13. Koster det noe å få en søknad behandlet?

Miljødirektoratets arbeid med fastsettelse av tillatelser etter forurensningsloven § 11 er omfattet en gebyrordning, jf. forurensningsforskriften kapittel 39. Vanligvis benyttes laveste gebyr (gebyrsats 4) som er på rundt 22.000 kr.

14. Kan tiltaket settes i gang når Miljødirektoratet (ev. Fylkesmannen) har gitt tillatelse?

Miljødirektoratet (ev. Fylkesmannen) gjør vurderinger på bakgrunn av forurensningslovverket. Tiltak kan selvsagt ikke gjennomføres uten at dette er avklart med den som har rådighet over eiendommen (grunneier og, der det er relevant, også fester/leier). I tillegg må andre nødvendige offentligrettslige tillatelser (for eksempel etter plan- og bygningsloven) være innhentet.

SPØRSMÅL?

Kontakt oss på e-post:
betongavfall@miljodir.no

MILJØDIREKTORATET

seksjon for avfall og grunnforurensning
Miljøgiftavdelingen
Telefon: 03400/73 58 05 00
E-post: post@miljodir.no